

HYRDINGEN

Nr. 5

Desember 2022

ÅRGANG 64

Kyrkjeblad for Bjoa, Imsland, Sandeid, Skjold, Vats, Vikebygd, Vikedal og Ølen



Kulturskulen teikna jula

s. 7



Melissa Eikesdal, 10 år, Skjold, akvarell.

Trusopplæringsprisen
 s. 4
**God Jul**

Biskopen si julehelsing	s. 2	Soul Children Festivalen	s. 5	4-års boka i Vikedal	s. 11
Skifte i medarbeidrarar	s. 2	Gullkonfirmantar	s. 5–7	Tante Bekka	s. 12
Redaksjonspennen	s. 3	Kulturskulen teikna jula	s. 7	Den store barnehåpen	s. 12
Min song	s. 3	Friviljuge medarbeidrarar	s. 8–9	Gudstenestelista / Frå kyrkjeboka	s. 14
Då lo eg...	s. 3	Fullt hus på ukrainsk middag	s. 9	Møte og arrangement	s. 15
Trusopplæringsprisen 2022	s. 4	Avskil med soknepresten	s. 10	Ungdomsklubben i Vikedal	s. 16
Misjonsbasaren på Vikedal bedehus	s. 4	Konfirmantarbeid i indre del	s. 11	«Go bananas» på HALLO-VEN	s. 16



Biskopen si julehelsing

Av Biskop Anne Lise Ådnøy



Foto: Marie von Krogh /
Stavanger bispedømme

«Han vil skapa liv der natt og mørke bur»

Advent er tida for å tenna lys og glede seg over små ting, og for å undra seg over store spørsmål.

Kvifor feirar me Jesu fødsel? Kvifor blei Gud menneske? Det heng tett saman med Gud sin plan om frelse. Hjå salmediktaren er det sagt så enkelt:

«Fra krybben til korset gikk veien for deg, slik åpnet du porten til himlen for meg.» (Salmeboka nr. 56)

rikt samfunn, som ungdom med klimaangst. Jesus identifiserer seg med sine minste i dag.

Den lidande og medlidande Kristus er til stades i juleevangeliet. Me hører om dei som ikkje fann husrom nokon stad, men måtte gjennomgå ein fødsel mellom dyr i ein stall. Josef og hans Maria måtte skrivast i manntalet for å betala skatt til ein keisar som levde i ubeskriveleg luksus.

I dei første århundra av kyrkjehistoria var biletet av Jesus som regel ikkje den lidande. Han var «Christus Victor», han trona på korset som sigerherre over død og synd og djevil. Ytre sett er fødselen fattigsleg, men det stråler eit lys og eit håp frå Jesusbarnet og ut til jordas ender.

Kristus lever, han har seiret; evig lever vi med ham. Han er her og han vil skape liv der natt og mørke bor.

Kristus lever, vi skal bære Herrens seierstegn på jord. (Salmeboka nr. 214)

Eg ønsker deg ei velsigna juletid!
Biskop Anne Lise Ådnøy

Mysteriet i jula handlar om han som delte våre kår, heilt inn i døden. Me går aldri åleine gjennom ei vanskeleg, forvirrande og urettvis verd. Heller ikkje i førjulstida i 2022.

Me har kyrkjer fordi Jesus lever og kjem til oss i dag. Mange kan sakna eit språk for trua. Kyrkjerommet tar imot den trua som ikkje blir uttalt, uansett om ho er stor eller lita. Kyrkjerommet er trygt å vera i.

Samtidig har jula ein urovekkjande bodskap. Bodskapen held saman kontraster, for midt i gleda ligg utfordringa. Jesus kjem til oss i dag. Han kjem som flyktning, som uteliggjar, som einsame gamle, som ungar med därleg råd i eit

Skifte i medarbeidrarar

Av Steinar Skartland

To av sokneprestane våre har søkt og fått nye tenestestader. Tsegayesus Hurisa Hunde er alt reist til ny teneste i USA. Kari Vik Stuhaug har teke imot stilling som sokneprest i Etne, men vil vera i teneste i Vindafjord ut oppseilingstida. Sigfred Sørensen held fram somvikarprest i Skjold, Vats og Vikebygd og tidligare sokneprest i Vår Frelsers menighet, Sigve Hasseløy Clementsen, vert nå vikar i Vikedal,

Sandeid og Imsland, i første omgang ut januar. I tillegg lyser fellesrådet nå ut stillingane som kantor/organist då våre to faste organistar skal verta pensjonistar frå mars 2023. Vi vonar det kjem gode sökjarar til dei ledige stillingane.

Det er planlagt avskjedsgudsteneste for sokneprest Kari Vik Stuhaug i Ølen kyrkje 29. januar.

Redaksjons-PENNEN

Av Steinar Skartland

Vi går inn i julemånen. Når Hyrdingen kjem ut har vi passert 1. søndag i advent og eit nytt kyrkjeår har teke til. For mange blir det ei tung tid. Både for dei som er i det krigsherja landet Ukraina og for dei som må flykte frå krig og naud i ulike delar av verda.

Del litt av dei goder du har slik at dette kan vera til hjelp gjennom dei mange organisasjonane som er aktive i hjelpearbeid. Og la oss saman be for fred i landa der det er ufred. Kanskje kan du også bidra til at nokon nær deg kan få ei betre julehøgtid ved å invitera dei til din heim, om dei er åleine.

I kyrkjene skal vi i år få samlast slik vi var vane med før pandemien, -vonor vi. Saman skal vi få syngja julesongar og pynta oss til fest. La borna få oppleva ei glad jul i år. Ei julefeiring der dei kan vera trygge og der dei vaksne viser måtehald i forhold til alkohol. Fulle vaksne gjer borna uthygge og redde. Feir jula på borna sine premissar.

Born i Vindafjord har også sendt oss flotte teikningar av jula, slik dei ser denne for seg. I flotte og glade fargar. Stall og krybbe, Jesus-barnet og stjerner på himmelen. Me seier Tusen takk for dei flotte teikningane! Vi skulle gjerne hatt plass til alle i full storleik, men side 1 og 7 viser nokre av dei.

Vi i redaksjonen for kyrkjebladet vil med dette få ynskja dykk alle:

Gledeleg Jul – Merry Christmas.

Min song

Av Leon Dyngeland

Denne songen treff meg. Det er så veldig, veldig godt å ha ei framtid og eit mål med livet. Og denne songen fortel og minner meg om at Jesus har lova å ta ansvar for meg på vegen til Himmel. Han elskar meg, han leier, han bær og han bevarer meg. Det er trygt og god å vite.

Dette er også ein lovsong til Gud som har all makt i Himmel og på jord. Det er godt å tilhøre ein som har full kontroll på tilværet. Han er tilstades i ei ureleg verd og han er tilstades i våre daglege liv.

Denne songen gjer meg takknemleg og glad. Så er den utruleg fin som allsong.



Leon Dyngeland er 52 år og bur i Ølensvåg saman med Birte. Dei har 3 barn: Anbjørn (23), Synne (18), og Elias (16). Til dagleg arbeider han på Omega, og på fridat liker han å engasjera seg i barne- og ungdomsarbeid på bedehuset og i Ølen Idrettslag. Det er viktig å ha stader der våre barn og unge kan møtest på fridat, for å bruka og utvikla seg. Leon, som også er med i politikken for KRF, seier: – Me er heldige som bur i eit fritt land med demokrati. Me må ta vare på landet vårt, og me må arbeida for å ta vare på kvarandre. Derfor er politikk viktig.

Det går en vei mot fremtiden

Komponist: Bernt Urban Ringbäck

Tekstforfatter: Bernt Urban Ringbäck og Ida Kristine Möller
Norsk oversettelse: Jan Magnus Fauske Lillebø

1. Det går en vei mot fremtiden, det høres sang fra himmelen. Det går et folk fra nød og strid, fra lidelse til evig fred. Det går et folk, uend'lig stort, inn i Guds by, gjennom dens port. De fyller himlen med sin sang, de synger evigheten lang.

Refreg: Vi synger ære til Ditt navn, for frelsen som du for oss vant! Og hele himlen stemmer i: «All makt og herlighet er din!»

2. Det står et lam i folkets midt, den store skaren kledd i hvitt. Hans blod har vasket skaren ren, og gitt dem hjem i himmelen. Og Kristus leger hvert et sår, tørker hver tåre som er

vår. Han metter hunger, slukker tørst, vi ser Hans kjærlighet er størst.

Refreg: Vi synger ære til Ditt navn, for frelsen som du for oss vant! Og hele himlen stemmer i: «All makt og herlighet er din!»

3. Og alle engler bøyer kne, forundres over det de ser. For skaren vokser som tilber, og sangen stiger mer og mer.

Refreg: Vi synger ære til Guds Lam, til Ham som seier for oss vant! Og hele himlen synger ut: «All makt og ære til vår Gud!»

Då lo eg...

Av Berge Thomas Velde

Då eg vart utfordra av Håkon Børre Koltveit til å fortelje noko eg syns var artig kom eg på denne vitsen.

Presten var ute og gjekk tur då han brått kom over ein daud gris i vegkanten.

Han ringde til politiet og orienterte om kva han hadde funne.

Litt spøkefull seier politimanen: «Eg trudde det var presten som tok saken eg, når nokon er gått bort?»

Då kjem det raskt i retur frå presten: «Ja, men me må alltid orientere dei pårørande først!»

Neste gong utfordrar eg Kjetil Nesbu til å fortelje noko han lo godt av.



Vikarprest Sigve Hasseløy Clementsen



Berge Thomas Velde

Trusopplæringsprisen 2022

Tekst: Steinar Skartland

Ho vart skikkeleg overraska då ho fekk tildelt prisen. Gunnhild Marie Wold Osaland, som på fritida er dirigent for to kor i kyrkja: Vindafjord Soul Kids og Vindafjord Soul Children, i tillegg til å vera lærar i Vats.

Ølen sokn valde å leggja familiegudstenesta søndag 30. oktober til Kyrkjetunet. Her deltok mange med ulike oppgåver, både born, ungdommar og vaksne. Soknepresten hadde bede Gunnhild Marie om å vera forsongar. I tillegg til å vera dyktig musikalsk, så hadde dei ein baktanke med dette: Å sikra at ho var til stades i gudstenesta. At dei hadde ei overrasking til henne, var heilt hemmeleg.

I slutten av gudstenesta fekk Signe Britt Vik, leiar i Ølen og Bjoa soknereid, ordet.

– Det å oppdra barn på det kristne og religiøse området er eit foreldreasvar først og fremst, men me som er engasjerte i kyrkja vil gjerje vera med og hjelpe foreldre og fadrar med den store og viktige oppgåva, som det er å læra borna Jesus å kjenna og å læra om kristen kultur og tradisjon, innleia Signe Britt Vik med, og heldt fram:

– I tillegg til det arbeidet som føregår som breiddeltak for 4. og 5. klassingar, så har me arbeid som pågår gjennom heile året, kvar veke kanskje, og som mange menn og kvinner deltar i og brukar kreftene sine på. Enten det nå er speidarbeid, barnekor, barneforeiningar eller

mange forskjellige ting som har med kristent arbeid å gjera, og det er viktig innsats.

I FUT, felles utval for trusopplæring i Vindafjord, set det folk frå alle kyrjelydane. Kvar haust så har dei utdeling av ein pris i form av ei gåva, ein blomsterbukett og ein fin diplom.

– Det har vore ei stor hemmelegheit kven som får prisen i år, men ho er svært mykje engasjerte også i denne gudstenesta som forsongar, sa kateket Britt Karstensen og kunne slik røpa at prisen i år går til Gunnhild Marie Woll Osaland. Britt omtala vinaren slik:

– Ein medarbeidar som er svært musikalsk og kunstnarisk. Ho har drive kor i mange år, både for dei små og dei litt større. Dei som har vore på Show-It og andre familiaslingar på Kyrkjetunet har møtt ho i ulike rollar og situasjonar. Gunnhild Marie har eit hjarta for å formidla. Utruleg kreativ og lagar også eigne songar. Det er mange som har fått glede av hennar engasjement og hennartru som ho har delt med veldig mange, på mange ulike måtar. Musikk er jo eigentleg hjartespråket til mange av oss. Ved å formidla tru



Gunnhild Marie Wold Osaland

gjennom musikk, då når me ganske langt inn til folk.

– Men kva tid fekk du for første gong leiariansvar? undra Britt.

– Det trur eg var då eg var blitt for gammal til å gå på søndagsskulen sjølv, og så var med litt, svara Gunnhild Marie, som den gong nok var omlag 12 år.

Om gåva som følgde med prisen sa Britt:

– Det er ein figur som er valt ut spesielt for deg. Den heiter: «Kvardagsvelsigning». Den skal få minna deg om «velsignelsar tilbake til deg», kvar dag. I tillegg er det ein innramma diplom med desse orda påskrivne: «Håp, tru, idealisme, dugnadsånd, pågangsmot, kjærleik og hjarterom». Ord som høver på Gunnhild Marie.

Misjonsbasaren på Vikedal bedehus

Tekst og foto: Tone S. Andreassen



Bjarne Hjelvik heldt andakt.

Lørdag 29. oktober arrangerte Vikedal misjonsforeining basar på bedehuset i Vikedal. Mange møtte opp for å ta lodd og støtte misjonsarbeidet som NMS driv. Bjarne Hjelvik ønskete velkommen og heldt andakten, der misjonsbefalinga stod i sentrum. Han fortalte og om Anne Marie Reimers (92) sitt livslange misjonskall og -arbeid på Madagaskar. Framleis er ho aktiv i drifta av barneskulen Kely Mandresy i Manakara på solskinsøya.

Denne skulen stifta ho i ein alder av 80 år!

Så var det tid for åresal, kaffi, kaker og god drøs rundt borda. Etter at utloddninga var ferdig, takka Anne Marie alle som hadde kome på basaren. Dagen vart avslutta med Fager kveldssol smiler, som Andreas Rosså akkompagnerte til.

Den internasjonale Soul Children Festivalen

Tekst og bilete: Gunnhild Marie Osaland



Me avslutta festivalen med Soul Church konsert, som var ei blanding av gudsteneste og konsert med ulike artistar, som m.a. Blåsemiafæn og Lin D. Det blei eit stort kor, og salen var fullsett.



Etne og Vindafjord Soul Children reiste saman i buss til festivalen. Her ser me dei i inngangspartiet til Oslo Spectrum.

Helga 21.–23. oktober gjekk den fjortande Soul Children Festivalen av stabelen i Oslo Spectrum. Den første festivalen etter Koronapandemien tiltrekk seg kor frå heile Noreg, samt nordiske land og Storbritannia. Det var over 1600 påmeldte deltakarar

totalt, og frå vårt distrikt var det fleire kor. Vindafjord Soul Children reiste med 9 medlemmer og nesten like mange vaksne. Me storkosa oss heile helga, med eit profesjonelt opplegg som Oslo Soul Teens og Oslo Soul Children stod i bresjen for. Det var i

tillegg flotte gjesteartistar som hadde show for oss og som me fekk syngesaman med. Dette freistar til gjen-taking om to år når neste festival er klar! På laurdagen hadde me utekon-sert på Universitetsplassen.

Gullkonfirmantar i Vats

Tekst: Steinar Sørhus

50-årskonfirmantane var tilstades på hausttakkegudstenesta i år. Vats bygdekvinnelag hadde pynta vakkert, både i kyrkja og utanfor. Per Konrad Hansen var soknepresten den gong. 10 jenter og 10 gutter vart konfirmerte i Vats i 1972. Dei var det siste kullet som vart konfirmerte om hausten. (Av den grunn er det ingen 50-årskonfirmantar neste år). Av konfirmantkullet i 1972 hadde desse høve til å koma:

Framme f.v: Helge Martin Nordtveit, Solfrid Grunnaleite (Frøland), Åsé Jorun Blikra (Landa), Nancy Gjellestad Matre og Tord Alvseike.



Gullkonfirmantane frå Vats.

Bak f.v: Johnny Einar Frøland, Lovise Eikjeland Helle, Torhild Nonslid og John Innvær.

Dei skal ha eit treff på Skarhaugen 11. november.

Gullkonfirmantar i Skjold kyrkje

Tekst og foto: Gunnar Listog

10. september 1972 var det 21 jenter og gutter som vart konfirmerte i Skjold kyrkje. Prest den gongen var Per Konrad Hansen. Av desse var det åtte som hadde høve til å møte i Skjold kyrkje att 50 år seinare, 25. september 2022.

På biletet ser me frå venstre: Egil Skjold, Otto Skjold, Gaute Jordbrekk, Inghart Lasse Tveit, Judith Alise Ohm, Margunn Kvinnesland, Turid Frøyland, Kåre Breivik.

Ein som måtte melde avbod grunna sjukdom, var Karl Johan Anderson. I staden sende han ei helsing til dei frammøtte gullkonfirmantane: Helsar alle 50-årskonfirmantar! Ville gjerne



Gullkonfirmantane frå Skjold.

vore der, men helsa sa stopp. Kos dokke! Helsing Karl Johan.

I snau månad seinare, 21. oktober,

døydde Karl Johan. Ein årelang kamp mot kreftsjukdomen var over.

Gullkonfirmantar i Vikedal

Foto og tekst: Andreas Andreassen

Gullkonfirmantane i dei tre indre bygdene vart feira i Imsland søndag 4. september. Det var høgtideleg presentasjon i gudstenesta i Imsland kyrkje, og etterpå var det hyggeleg festsamvære på Imsland bedehus. Mange av dei som vart konfirmerte for 50 år sidan hadde anledning til å dele denne dagen for å mimre om «gamle dagar» og treffen gamle kjente.

Frå venstre: Bente Marie Reimers, Jorunn Elisabeth Aarekol Skjervheim,



Gullkonfirmantane frå Vikedal sokn.

Peder Johan Sandvik, Gunnar Lambrigtsen, Kari Holten Leifsen,

Anne Marie Ræstad Dahle, Gro Sofie Hallingstad Øverland.

Gullkonfirmantar i Sandeid

Tekst og foto: Magne Økland

Gullkonfirmantene frå Sandeid, Imsland kyrkje 4.9.22.

Sitjande frå venstre: Geir Toni Leite, Ingunn Mijeteig Lothe, Jorunn Helgevold, Sverre Hårde, Max Inge Rørheim.
Ståande frå venstre: Kjell Andre Vestbø, Tor Helge Selvåg, Odd Inge Apeland, Åge Handeland og Sigmund Kaldheim.



Gullkonfirmantane frå Sandeid.

Borna i Kulturskulen teikna jula

Hyrdingen inviterte borna i Kulturskulen til å teikna jula og vi har fått inn mange flotte teikningar som vi takkar for. Her er nokre av dei presentert:



Jozef Kristoffersen Golias, 9 år, Bjoa, akvarell.



Tuva Vølstad Stople, 7 år, Bjoa, akvarell.



Tuva Weider Haugland, 9 år, Ølen, pastellkritt.



Silje Stuhaug, 7 år, Skjold, akvarell.



Harald Stuhaug, 9 år, Skjold, akvarell.



Miriam Mæland, 9 år, Ølen, pastellkritt.

Gullkonfirmantar i Ølen og Bjoa

Foto: Geir Tofte

Gullkonfirmantane i Ølen og Bjoa sokn. var samla i Ølen kyrkje søndag 16.10.

Nederst frå venstre: Jenny H Rødde, Gunda Berge og Else Fosso
2. rekke frå venstre: Øyvind Berge, Jane Leite, Anne Solveig Svendsbøe, Reidun Kathrine Vinje
3. rekke frå venstre: Lasse Asbjørn Tvedt, Ole Magne Johansen, Bjørn Ove Toadalen, Leikny H Stople, Anne Kirsten Eide, Gerd Kari Hjelmervik
Bakerst frå venstre : Ove Christiansen, Erling Martin Vinje, Oddvin Øvernes, Nils Magne Torgrimsen, Jan Fossberg, Tove Ingvild S Neteland, Jan Idar Windsand



Gullkonfirmantane frå Ølen og Bjoa.

Friviljuge medarbeidrar – krumtappar i kyrkjelydsarbeidet

Tekst og foto: Gunnar Listog

Over 70 var på plass i Skjold kyrkje 16. september då sokneråda for Skjold/Vikebygd og Vats kalla inn til «setje- pris- på-kveld». Speidarieiarar i tjueåra kom, det gjorde òg nittiåringen som kvar veke kører middag til dei gamle i kommunen. Det vart ein kveld til oppmuntring og inspirasjon. «Me vonar det vert fleire slike kveldar,» var omkvedet etterpå.

Variert program

Programmet inneholdt både song, andakt/tale og ei god matøkt med mykke god drøs. Frå Ølen hadde Gunnhild Marie Osaland teke med seg songgruppa si, «Vindafjord Soul Children», eigentleg ei gruppe representert av born frå 5. – 10. klasse, men som denne gongen hadde born opp til 7. klasse. Dei framførde tre nydelege songar. Hjarteleg takk!

Trusopplærar Esther L. Åsheim hadde andakt som femna om å vera ljós og salt i verda. Ho takka alle dei som er med og gjev borna «eit botn-solid grunnlag for livet», som hjelper til å gjera dei trygge, som gjev ros, oppmuntrar og som er med slik at kvar einskild finn sin plass. Berit M. Listog, leiar i trusopplæringsnemnda, orienterte om gjevartenesta, og at me treng fleire gjevarar skal me få pengar nok til innkjøp av variert materiell til trusopplæringsarbeidet.



Seks songglade jenter frå Vindafjord Soul Children.



Bjarne og Sigrun Alne frå Vikebygd er midt i åtti-åra, men framleis med når noko skal gjerast ved kyrkja i bygda.

Hytte i Vikebygd

Prost Rune Steensnæs Engedal hadde hovudtala denne kvelden. Med familiehytte i Vikebygd, gav han tydeleg uttrykk for at han kjenner sterkt næreliek til bygdene her inne. Prosten fortalte levande om det å vera prost, å vera åndeleg og strategisk leiar for prestane i vårt prosti. Viktigare var likevel hans eigne erfaringar knytt opp til å finna seg til rette i eit miljø. Rune S. Engedal opplevde at han som barn og ungdom følte at han vart sett av dei vaksne, det gav tryggleik og trivsel og lyst til å bli ein del av miljøet. Slike kjensler hadde han då han m.a. var med i KFUK/KFUM og Keystone.

«Eg vart sett og spurd»

Ein av dei som tok ordet mot slutten av møtet, var Karin Koltveit frå Vats. I si tid vart ho spurd om å verta klokkar i Vats kyrkje. Då hadde det undra henne at ho vart spurd, ho som både var tysk og skild. Ho var i tvil, men tenkte: Då må Herren ha bruk for meg! I dag er Karin takksam for at ho vart spurd.

Ein kveld til gjentaking

Denne kvelden gav inspirasjon til teneste, sa prest Sigfred Sørensen til slutt denne kvelden. Og fleire gav uttrykk for at slike kveldar – dei vil me gjerne ha fleire av. Kvelden vart dyktig leia av Tomine Haraldseid, medlem i Skjold sokneråd.



To blide karar: prost Rune Steensnæs Engedal (t.v.) og prest Sigfred Sørensen.



Trusopplærar Esther L. Åsheim.



90 år gamle Olav Vagle kører framleis middag til «dei gamle». Her saman med kona Anna.



Den skal tidleg krokjast! Her sit den sju månader gamle Aslaug Tveit Gregersen på fanget til oldeforeldra sine, Martha og Jens Tveit.

Fullt hus på ukrainsk middag

Tekst: Helge Johan Stautland / Foto: Johannes Langhelle

Over 130 personar koste seg med ukrainske middagsrettar og kaker på Kyrkjjetunet 20. oktober.

Når så mange er samla i hovudsalen på Kyrkjjetunet, betyr det at det må dekkast også i vestbylen. Men det var mat til alle, og god stemning rundt langborda denne ettermiddagen.

To ettermiddagar i forkant hadde sjefskokk Johannes Langhelle, med god hjelpe frå fleire ukrainarar og andre, førebudd rettane på Ølen vidaregåande skule. Første servering på haustens første internasjonale kafé, var den tradisjonelle raudbetsuppa borsjtsj. Deretter blei det servert kålrullar, salatar og gode kaker.

I tillegg til to ettermiddagar med internasjonal kafé på Kyrkjjetunet, vart det også arrangert familietur til Fjellstøl i september i strålende haustvêr. Det siste som står igjen i haust, er julefest på Ølen kulturhus 3. desember.



Valeria Hallberg og Helene Paulsen serverer dei mange frammette.



Randi Dalen, Aina Lunde, Lissett Dminguez, Daria, Sasha, Liudmyla lagar kålrullar til den ukrainske menyen på Kyrkjjetunet.

Avskil med sokneprest Tsegayesus Hurisa Hunde

Tekst: Trygve Sandvik / Foto: Andreas Andreassen

Sokneprest Tsegayesus Hurisa Hunde slutta i stillinga si i Vikedal prestegjeld ved avskilsgudsteste neste søndag 30. oktober i Vikedal kyrkje. Då hadde han vore tilsett i stillinga i underkant av 4 år. Den korte tida i prestestillinga vart ikkje heilt etter dei planane han og familién hadde, noko han her fortel om til Hyrdingen i samtale med Trygve Sandvik.

Kvifor slutta du i stillinga etter mindre enn 4 år?

– I utgangspunktet er det fleire årsaker til oppseiinga, men det er ikkje til å leggja skjul på at private årsaker har vore det mest avgjerande. Både eg og familien har lika oss godt i Vindafjord, og eg har kome i kontakt med mange flotte menneske. Me har kjøpt oss hus på Knapphus og lagt ned ein god del med oppussing og påkostnad på huset med tanke på å verta buande ei god tid framover.

Men etter kvart viste det seg at borna våre vart utsette for mobbing på skulen på grunn av deira bakgrunn sjølv om dei er fødde og oppvaksne i Noreg. Kva kan ein gjera for å unngå mobbing? Me har jo integrert oss godt i samfunnet, men likevel slapp me ikkje unna. Eg kan tola det som går på meg sjølv, men eg har null toleranse når det gjeld familien min, og då var det kanskje best å finna ein plan B for vidare planlegging i staden for å bruka unødvendige krefter og tid. Difor såg me oss om etter ein annan arbeidsplass, og det enda opp med flytting.



Sigfred Sørensen med gode ord til Tsega og ei lydhørt forsamling.



Sokneprest Tsegayesus Hurisa Hunde.

I innsetjingsgudstenesta i Sandeid, januar 2019, vona Hunde på at kyrkjebenkene skulle fyllast i tida framover om ikkje nett slik som i Afrika med fulle hus, men likevel slik at det var godt frammøte til gudstenestene. Men slik gjekk det ikkje. Etter vel eit år sette koronapandemien grenser for frammøte i kyrkjene, og planane om Alfa kurs og kyrkjelydstur til Etiopia vart det ikkje noko av. Likevel etter det Hyrdingen har hørt og det Hunde sjølv fortel, har det vore mange gode tilbakemeldingar på forkynninga der det viktigaste for han har vore å formidla evangeliet.

Er det noko du spesielt hugsar som prest frå tida di i Vindafjord?

– Det må i så måte vera då eg fekk ordna det slik at gudstenestene i «pandemitida» frå Vikedal, Sandeid og Imsland kom på nettet pga. mykje god hjelp frå sokneråd og frivillige, og eg var glad at dei andre prestane i Vindafjord slutta seg til same opplegg. Vi hadde til og med felles opplegg.

Kvar går vegen no?

– Eg har fått ein pastoral stilling i Michigan i USA i Christ Lutheran Church. Kona og borna (dei tre gutane: Reuben 11 -som snart fyller 12, Reuel 10 og Reynaud 5 år) er i Etiopia på ferie og samtidig tek dei

eit enkelt engelsk kurs, men me skal vera på plass i USA når julenummeret av Hyrdingen kjem ut.

Kva skjer med huset i Øvre Vats?

– Inntil vidare leiger me dette ut, så vil tida visa kva det vert til, seier Hunde som fyller 50 neste år. Hyrdingen takkar for den tida han har vore i Vindafjord, og me vil ynskja han og familien lukke til vidare i USA.



Prost Engedal og sokneprest Hunde i Vikedal kyrkje.



Sokneprest Tsegayesus takkar forsamlinga etter samværet på bedehuset.



Konfirmatane frå Sandeid og Vikedal ved Utsira fyr.

Konfirmantarbeid i indre del

Tekst og foto: Andreas Andreassen

Det har vore ein aktiv haust i indre del av kommunen, med mange hendingar og aktivitetar som det er du kan lesa om fleire stader i denne utgåva av Hyrdingen.

Oppstart for konfirmantane

Like etter sommarferien, var det informasjonsmøte for dei nye konfirmantane og foreldra deira på Vikedal bedehus. Sokneprest Tsegayesus informerte om aktivitetar for dei komande konfirmantane. Det blir ulike konfirmantgrupper, som friluftsgruppe, fotogruppe m.v. Fleire samlingar er planlagt, blant anna

konfirmanitur til Utsira. Ei stor og interessert forsamling hadde mange spørsmål og innspel, og konfirmantane gledde seg til ei spennande tid.

Den 22. oktober gjekk den tradisjonelle konfirmantturen til Utsira av stabelen. Konfirmantar frå Sandeid og Vikedal vart bussa til Haugesund, der dei gjekk om bord på Utsira-båten for ein dryg time på Sirahavet. Heldigvis var veret på konfirmantane si side, berre litt smådønningar friska opp på turen. Lodvar Mathiassen fortalte interesserte tilhørarar om øya og kyrkja, og etterpå gjekk konfirman-

tane til Utsira fyr. Dette er opprinnelig eit tvillingfyr, men det eine fyret vart øydelagt under andre verdskriga, då det i følgje Mathiassen i periodar var stasjonert fleire tyske soldatar på øya enn det var norske innbyggjarar. Konfirmantane fekk spele fotball i det flotte fleirbruksanlegget på øya, og så var det matøkt i kyrkja. Litt regn på veg tilbake til Nordevågen og båten heim, men elles var ein heldig med veret. Ein flott tur i regi av sokneprest Tsega, som truleg blir eit minne for livet for dei unge.

4-års boka i Vikedal

Tekst og foto: Andreas Andreassen

18. september var det utdeling av 4-årsbok i Vikedal kyrkje. Fem forventningsfulle og spente 4-åringar hadde møtt fram, saman med foreldre og besteforeldre. Dei vart høgtideleg presenterte for kyrkjelyden av trusopplæringsmedarbeidar Berit Stople, som for anledninga leia samværet i kyrkja.



Stolte 4-åringar har fått bibelen frå Berit Stople. Frå venstre Johan Severin Holten Leifsen, Trygve Helgeland Pedersen, Jano Helmers Hallingstad, Othilia Øverland Mørk og Nora Nes.

Tante Bekka

«Alle, alle vil vi ha med...»

Tekst: Ingrid M. Sørvåg

Denne songen song me ofte på sundagsskulen: «Alle, alle vil vi ha med til himmelen. Far og mor, søster og bror, liten og stor. Alle, alle vil vi ha med til himmelens gylne land». Me var aldri i tvil om at det var dit me skulle då tante Bekka leda oss i songen. Tante Bekka forkynnte evangeliet for oss borna.

Me er inne i frivillighetsåret, og då passar det godt å skrive om Rebekka Alne, 1901-77. Ho var "tante Bekka" for fleire generasjonar vikebuar. Ho dreiv sundagsskule, jenteforeining, foreining for den ytre sjømannsmisjonen, husmorlaget og var elles aktivt med i det meste som var av lags- og foreningsverksemd i bygda. Ho var musikalsk, og var bygda utan musikkorps, så gjekk tante Bekka framfor toget og spelte trekkspel.

Rebekka Alne gjorde fleire reiser til sjøs med mannen Aksel. Ho vart godt kjende med sjøfolk sine lengsler og behov i møte med den store verda og ho vitja mange sjømannskyrkjer. Denne erfaringa ga nok gnisten til det seinare engasementet for sjømanns-



Rebekka Alne, 1901-77.

misionen og kor viktig det var å formidle håp og glede.

Tante Bekka var sundagsskulen i Vikebygd i mange år. Ho formidla ein lys og lett kristendom, og ho var ein dyktig pedagog og formidlar. Me song «Min båt er så liten og havet så stort», og då trudde me nesten me var ute på det store havet og at det var godt Jesus hadde gripe vår hand og styrte båten, for då går det så bra. Sauene på Betlehemsmarka og gjeterane som vakta saue-ne sine fekk me også oppleva, heilt levande gjennom tante Bekka si forteljing. I Vikebygd på 60-talet var me delte i jenteside og gutteside når me sat på bedehuset, og me song om kapp. Det gjaldt om å syngja høgt: «Eg er ei lita jente, og eg ein liten gut». Kven song høgast? Dei som ville likna Daniel, eller dei som ville likna Rut?

4.juledag var det juletrefest, sundagsskulen sin juletrefest. Då kom me fint pynta, og eit av inn-slaga på festen var at me fekk premie for trufast oppmøte. Tante Bekka leia festen, og ho delte ut premiane.

Den ytre sjømannsmisjon har framleis foreining i bygda, Sjømannsforeninga er namnet. Tante Bekka var ivrig drivkraft i dette arbeidet, så lenge ho klarte. Foreininga møttest rundt om i heimane til kvinnene som var med, og kvart år i august var det stor basar på bedehuset. Då var huset stappfullt av folk, og tante Bekka fortalte med innleiving om dei unge sjøfolka som fekk besøk frå sekretæren i Sjømannsmisjonen, om kaffi og vaflar på kjerka og om kor viktig dette arbeidet var for sjøfarten vår. Det går framleis gjetord om desse basarane, sjølv om det er nokre år sidan førre basar.

Den store barnedåpen

Tekst og foto: Andreas Andreassen

Søndag 28.august var ein merkedag i Vikedal kyrkje. Ikke mindre enn 4 born vart borne til dåpen, noko det må vera mange år sidan sist gong hende. Då det i tillegg var presentasjon av konfirmantane vart kyrkja nesten fullsett. Festpynta barne-dåpgjester utgjorde eit flott innslag i kyrkjelyden, og konfirmantar med foreldre og besteforeldre supplerte desse. Sokneprest Tsega preika ut frå evangeliet til Johannes, kap.4, og store og små hadde ei høgtidsam stund i kyrkja.



Frå venstre Sofie Helgeland Pedersen, Severin Kili Olsen, Mille Hebnes og Johanne Tørstenbø, alle trygt plassert i foreldra sine armar.

GRAVSTEIN



Se vår store utstilling, eller ring og be om katalog.

www.skattkjaer.no

Skattkjær Skiferindustri as

Ørpelheitsvn. 59 • tlf. 52 70 42 90

Mandag-fredag kl. 07.30-15.30 • Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt.



LUNDENESET VGS
- en kristen internatskole i Ølensvåg

Vi tilbyr

- IT og medieproduksjon
- Salg, service og reiseliv
- Studiespesialisering
- Påbygging til generell studiekompetanse

Les mer på www.lvs.no

Knaphus Bil

5576 Øvre Vats Tlf. 95 10 55 76

Knaphus Dekk & Bilverksted

5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 12

olen auto

Ølen Betong

Tlf. 5377 5200 - www.olenbetong.no

BLOMAR TIL GRAVFERD

Me leverer alle typer sorgbinding. Ølen Begravelsesbyrå har bøkene våre, med mange bilde. Spør om å få sjå dei, eller ta kontakt med oss direkte. Du finn oss og på nettet.

Ølen Blomster

Tlf. 53 76 88 35 • www.olensenter.no



GRANBERG GARVERIA

Bjøavegen 187 - 5582 Ølensvåg

Tlf. 52 76 50 00 www.granberggarveri.no

joker

Vikebygd Landhandel AS

Tlf. 53 76 91 69 - Faks 53 76 91 01 - joker.vikebygd@ngbutikk.net

SpareBank SR-BANK

Haugesund Sparebank

tsrevisjon

Autorisert regnskapsførerselskap

www.tsrevisjon.no

Karmsundsgata 4 • 4250 Kopervik

En jul å
glede seg til

Mange familier går en tøff tid i møte.
Din støtte kan gi barn som «Ida» en tryggere jul.

VIPPS en gave til 13130
Gi på konto 3201 52 74165

Blå Kors



Ungdomsklubben i Vikedal

Tekst: Tone S. Andreassen

Ei fantastisk opning på ungdomsklubben denne hausten, med totalt nær 100 born og unge frå Imsland, Vikedal og Sandeid innom klubblokalet i Bedehuskjellaren i Vikedal.



Tsegayesus held andakt for ungdommane på klubben.



PlayStation og aktivitetar på klubben.

Det er ufattelag kjekt å sjå at så mange møter opp på klubben. Soknepresten vår, Tsega, hadde andakten for begge gruppene. Han tok utgangspunkt i Markus 5, 35-43. I denne teksten møter me ei ung jente som får livsviktig hjelp av Jesus. Me skal alle vite at Jesus er der for alle som trur på han. Det er ei utruleg fin oppleveling å sjå korleis borna og ungdommane sit og lyttar til andakten.

Dette var også siste gongen Tsega hadde andakten på klubben vår. Me vil

takke Tsega for alle dei gongene han har vore med oss på klubben.

Etter andakten var det som vanleg spørjekonkurranse som mange synest er veldig kjekt å vere med på. PlayStation med nye spel var også populært i kveld. Elles var det biljard, bordtennis, airhockey og prat med kvarandre, som stod i fokus. Klubben er ein trygg og god stad å vere for borna og ungdommane våre.

«Go bananas» på HALLO-VEN

Tekst og foto: Berit Stople

Måndag 31.oktober er ein merkedag for mange ungar i bygdene våre. Mange vil kle seg ut, gå rundt i nærområdet og få godterier. Det fins private og meir offentlege halloween-fester. Det er ulike meininger om kva folk syns om dette. Nokre syns det er fint at borna får slå seg litt laust, nokre er redd for at born blir utestengt. Og det fins mange andre meininger. Kyrkja i lag med russen på Lundeneset vgs. har i ei årrekke hatt eit alternativ arrangement for alle dei som vil i 4.-7.klasse. Det er HALLO-VEN, ei samling med mykje liv og mykje leik. Nokre år har me delt ut invitasjonar på alle skulane. Me har fått høre at

det er ulike arrangement i mange av bygdene. Dette året valte me derfor å invitere klassane frå Ølen og Vågen skule til HALLO-VEN på Kyrkjeturnet. Det kom over 70 flotte ungar med mange ulike forventningar til samlinga. Dei blei møtt av 25 fantastiske russ som bobla over av liv, glede, humor, «Go bananas» og ikkje minst omsorg for dei som kom. Det var nydeleg å sjå korleis ungdommane frå Lundeneset tok vare på dei som trengte litt ekstra omsorg. Det var trøkk frå første stund med høg



Ungdommar frå Ølen og Vågen på Hallo-Ven arrangement.

musikk, dans og glede – «tru, håp og livsglede» – ein av songane dei lærte. Borna fekk gjere mange ulike aktivitetar og det var godterier å få på ulike stasjonar. Ja, det gjekk kilovis med snop den kvelden. Me fekk besøk av Melissa Irene Kleppe som hadde ein fin andakt om Jesus som vil vere venn med oss. Eg trur det var mange slitne og forhåpentlegvis glade ungar som kom heim etter HALLO-VEN party på Kyrkjeturnet.

Andaktstelefonen
380 91 700
Åpent hele døgnet!
Ny andakt tirsdag og fredag

Tjenesten
er gratis

**Korleis har du det...
EIGENTLEG?**

Eit menneske å snakke med når livet er som verst
SOS-Chat: www.soschat.no

SOS-melding: www.kirkens-sos.no

Neste nummer av Hyrdingen kjem ut 9.2.
Frist for levering av stoff er 9.1.23.